



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Tenesteval for helse og omsorg  
**Møtestad:** Minnerommet 3 etg., Volda omsorgssenter  
**Dato:** 13.09.2018  
**Tid:** 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Helse og omsorgssjef
Lise Ekros	Leiar 2. etg Volda omsorgssenter
Ann Sølvi Heltne	Leiar 3. etg Volda omsorgssenter
Inger Lise Kaldhol	Kommuneoverlege for Ørsta og Volda
Astrid Dimmen	Leiar Omsorgsbustadar
Karianne Steen Orvik	Ergoterapeut



# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 24/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
PS 25/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 26/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 35/18	<b>Ambulansestasjon- og legevakt, status v/ kommuneoverlege Inger Lise kaldhol</b>
OS 34/18	<b>Prosjektforslag aug 2018 Velferdsteknologiprojektet v/ Astrid Dimmen og Karianne Steen Orvik</b>
OS 36/18	<b>Agenda Kaupang, status på analysearbeidet med gjennomgang av tenestene både i Hornindal og Volda</b>
OS 37/18	<b>Status om kok-server - Kjøkken på Volda Omsorgssenter</b>

## **PS 24/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Handsaming:**

Det var åtte røysteføre. Det vart halde synfaring på Omsorgssenteret før møtet, der Tenesteutvalet for helse og omsorg fekk omvisning på dei forskjellige avdelingane på omsorgssenteret.

### **Innkalling:**

Det var ingen merknadar til innkallinga.

### **Sakliste:**

Arne Ullaland bad om ei orientering om «Status om kok-server - Kjøkken på Volda Omsorgssenter».

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste med tillegg frå Arne Ullaland vart samrøystes godkjent.

## **PS 25/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå forrige møte vart samrøystes godkjent.

### **PS 26/18 Orienteringssaker**

#### **OS 35/18 Ambulansestasjon- og legevakt, status v/ kommuneoverlege Inger Lise kaldhol**

##### **Handsaming:**

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol orienterte om stauts ved ambulanse- og legevakt i kommunane på Søre Sunnmøre. Det er komt nye krav til kommunal legevakt i 2015, som trer i kraft på ulike tidspunkt fram mot 01.05.21. Ho viste til prosjektrapporten om framtidig legevakt på Søre Sunnmøre.

#### **OS 34/18 Prosjektforslag aug 2018 Velferdsteknologiprojektet v/ Astrid Dimmen og Karianne Steen Orvik**

##### **Handsaming:**

Leiar for omsorgsbustadar Astrid Dimmen og Ergoterapeut Karianne Steen Orvik orienterte om velferdsteknologi i Volda kommune. Velferdsteknologi skal hjelpe den enkelte persons evne til å klare seg sjølv i kvardagen. Volda kommune jobbar for å få eit bedre tilbod i følge med velferdsteknologi.

#### **OS 36/18 Agenda Kaupang, status på analysearbeidet med gjennomgang av tenestene både i Hornindal og Volda**

##### **Handsaming:**

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om analysearbeidet av tenestene både i Hornindal og Volda kommunar. Analysa viser at kommunane har veldig ulik profil, då Hornindal har fleire på institusjon, medan Volda bruka meir ressursar på heimetenestene.

#### **OS 37/18 Status om kok-server - Kjøkkenet på Volda Omsorgssenter**

##### **Handsaming:**

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om status på kjøkkenet ved Volda omsorgssenter etter at det vart endra frå «Kok-kjø1» til «Kok-server». Tenesteutvalet for helse og omsorg etterspør ei sak om framdrift på omlegging av produksjon av mat på sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter.

Møte slutt kl. 15:55.

Rett utskrift, Servicekontoret

14.09.2018

Sunniva Utnes  
Konsulent.